

SONGBOK

for

Norsk Bonde- og Småbrukarlag



SONGBOK

for

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Ved

Kristofer Sydnes



Kosta av Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Botnens Boktrykkeri, Stord 1949

Som: Ja, vi elsker —
Spaden, fagre samlingsmerke
i vårt kjære nord,
skal vel mana oss til verket
— dyrke Noregs jord.
Alle krefter skal han samle
ingen sit i mak.
Han skal fylke unge, gamle
om vår gode := sak.

Spaden vår han vender torva
— i det rette lag.
Så kjem ploegen, dinæst horva
— alt gjeng slag i slag.
Etterpå veks rauste grøda
— løn for streval bolck.
Herre Gud, du signar møda
for ditt norske := folk.

Rudde vollar ut seg breider
i vårt fagre land.
Merket vårt vi ber med heider
i kvar dal, ved strand.
Takk og æra de som rudde
gamle ættargard,
de som stort um landet trudde,
då det urudt := var.

Byrge ber vi blanke spade
adelsmerket vårt.
Difor syng vi dette kvadet
med eit mål så klårt.
Fram og opp han skal oss bera
fram til betre kår,
så vi alle glade vera
kan i heimen := vår.

Fedrelandet.

1.

Tone: Den signede dag.

Gud signe vårt dyre ferdraland,
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand,
og vinter for vårsol røma!
Lat folket som brøder saman bu,
Som kristne det kan seg søma!

Vårt heimland i mørker lenge låg,
og vannkunna ljuset gøynde.
Men, Gud, du i nåde til oss såg,
din kjærleik oss ikkje gløynde:
du sende ditt ord til Noregs fjell,
og ljøs over landet strøynde.

Og Norig det ligg vel langt i nord,
og vinteren varer lenge;
men ljuset og livet i ditt ord
det ingen kan setja stenge.
Om fjellet er høgt og dalen trong.
ditt ord heve då sitt gjenge.

Så blømde vårt land i ljøs og fred,
det grodde så grønt i lider.
Men atter seig natt på landet ned
med trældom og tunge tider.
Og folket det sukka etter ljøs,
og du lyste opp omsider.

Og morgonen rann, og mørkret kvarv,
som lenge vår lukka skygde.
Du atter oss gav vår fridoms arv
og honom i trengsla trygde.
Du verna vårt folk og gav oss fred,
og landet med lov me bygde.

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,
me fåfengt på huset byggja.
Vil Gud ikkje verja by og land,
kan vaktmann oss ikkje tryggja.
Så vakta oss, Gud, så me kan bu
i heimen med fred og hyggja!

No er det i Noreg atter dag
med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn gror på ymist lag,
det brydder då etter ploegen.
So signe då Gud det gode såd,
til groren ein gong er mogen!

E. Blix.

2.

Ja vi elsker dette landet, som det stiger frem
furet, værbitt over vandet med de tusen hjem, —
elsker, elsker det og tenker på vår får og mor
og den saganatt som senker drømme vår jord!

Dette land har Harald berget med sin kjemperad,
dette land har Håkon verget, medens Øivind kvad;
på det landet Olav malte korset med sitt blod,
fra dets høye Sverre talte Roma midt imot.

Bønder sine økser brynte, hvor en hær drog frem;
Tordenskjold langs kysten lynte, så den lystes hjem.
Kvinder selv stod opp og strede, som de vare menn;
andre kunne bare græde, men det kom igjen!

Vistnok var vi ikke mange, men vi strakk dog til
da vi prøvdes nogle gange, og det stod på spill;
ti vi heller landet brente enn det kom til fall!
husker bare hvad som hendte ned på Fredrikshald!

Hårde tider har vi døyet, ble tilsist forstødt;
men i verste nød blåøyet frihet ble oss født.
Det gav faderkraft å bære hungersnød og krig;
det gav døden selv sin ære — og det gav forlik!

Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!
landet ville han beskytte, skjønt det mørkt så ut.
Alt hvad fedrene har kjempet, mødrene har grett,
har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett!

Ja vi elsker dette landet, som det stiger frem
furet, værbitt over vannet med de tusen hjem!
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,
også vi når det blir krevet, for dets fred slår leir!

Bjornson.

3.

Gud signe Noregs land, kvar heim, kvar dal og strand, and,
kvar lund og li! Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy, han verje mann og møy
til ævleg tid!

Me fekk det høgt og fritt, me fekk det vent og vidt idt
med hav og fjell. Det stend so trygt og godt,
det stend so reint og blått, rett som eit gudeslott
med solskinstjeld.

Det er vår elsk på jord, det er vårt beste ord,
vår trivd og trygd. Storfrægdarmenn dei var
som fram til oss det bar; det er vår ættargard
til fridom bygd,

Stort arbeid ned er lagt til landsens fred og makt
frå tid til tid. Det kosta tusund år
i kav frå vår til vår, i strid so tung og sår,
før me vart fri.

Her ligg dei grav i grav, frå hei og ned i hav,
som stridde så. Gud sign' kvar ærleg svein
som søv der under stein, Gud sign' dei kvar og ein
der dei er no.

Men landet dei hev rudt, det vil me verja trutt
til siste stund. Vår elsk og beste akt,
vårt liv og all vår makt skal vera Noregs vakt
til siste stund.

Her stig det stort og blått, vårt fagre heimlands slott
med tind og tårn. Og som det ervdest ned
alt fagrar' led for led, det byggjast skal i fred
åt våre born.

Arne Garborg.

4.

Blandt alle lande i øst eg vest
er fedrelandet mitt hjerte nest.
Det „gamle Norge“ med klippeborge meg huer best.

Fra Vesterhavet til Kjølens rand,
Fra Nordishavet til Kristianssand,
der har jeg hjemme og kan istemme: Mitt fedreland!

Jeg elsker eder, I gamle fjell
med høye tinder og dype vell.
med skog om barmen og jern i armen til tidens kveld.

Jeg elsker furu og birkelund
med toneklangen fra fuglemunn,
og meget aner de dunkle graner i vårens stund.

Jeg elsker bølgen, hvor frihet gror,
de dype dale, hvor freden bor,
de lier fagre og gyldne akre på odelsjord.

Jeg elsker alt som er ekte norsk,
fra folkelivet til sild og torsk,
som fremad skrider, om enn det glider en smule dorsk.

Jeg elsker bonden i kofte grå
og fattigmannen, hvis seng er strå,
og alle makter, som ei forakter de simple små.

Vi alle utsprang av felles rot,
til felles lykke, med felles blod,
og felles minner som bølger rinner i tidens flod.

Så våkner folket en morgenstund
med liv i hjertet og lys i munn,
og søtt det sjunger med løste tunger om livets grunn.

Ole Vig.

5.

Du land som lyfter ditt hovud bratt
frå Ishavet opp med din kvite hatt,
med høge fjell der fossar fell
og storknar i stup og til jøklar svell,
med hav som stormande syng om strand,
me elsker deg, fagre fedreland.

Du sit som dronning i bøgsetstol
med lysande åsyn i midnattsol,
så frid og fin i kvite lin,
når nordlyset leikar i lokken din,
når fjellet gyller i kveldraud brand:
me elsker deg, fagre fedreland.

Vårt land, statt stendig i bløming blid!
Til det vil me streva i fred og strid:
i bu og bygd, i tru og trygd
di framtid å byggja med dug og dygd,
din fridom verja mot fiendhand
og elska deg, fagre fedreland.

Blix.

6.

Der ligger et land mot den evige sne,
i revnene kun er der vårliv å se.
Men havet går til med historiedøn,
og elsket er landet som mor av sønn.

Hun tok oss i fanget dengang vi var små,
og gav oss sin saga med billeder på.
Vi leste så øyet ble stort og vått;
da smilte den gamle og nikked blott.

Da lød der et fremad, et fremad ennu
på fedrene mål og med fedrenehu.
For frihet, for norskhet, for Norge hurra!
og fjellene selv roper langt hurra!

Bjørnson.

7.

Her er det land, som hugar meg best,
og hit hev eg lengta lenge;
her var det stødt som hugen var fest
og gjekk i sitt gamle gjenge.
Vida hev flytt og fare ikring,
aldri såg eg slike hyggjelege ting.
Ja mykje hev eg sett og meir hev eg frett,
men her hev eg sett det beste.

Her er vel jordi hugleg å sjå
og yndeleg på alle tider,
helst når ho heve sumars-plaggi på
og blømer til dei øvste lider.
Aldri vild' eg bytt i nokon handa skatt
denne var sæle sumarljose natt,
då jordi ligg i skrud og søv som ei brud,
og dagen vaker trutt om landet.

Her heve alt ein venare let,
han gjerer meg so godt i hjarta;
Her er det rett som alt hadde vit
og kunde både le og garta.
Folket og eg er likesom eitt,
alt kva dei segja skynar eg så greidt;
og aldri er der ord på all den vide jord
som ganga meg så til hjarta.

Her kan eg kjenna bygder og bol
og berg i så ymse rader;
fjæra og fjell og himmel og sol
er kjendar' enn andre stader.
Sårt hev eg sakna heimen ei tid;
difor er han no så kjær og så blid.
Lat koma kva som kann: eg møter som ein mann,
og aldri fer ut or landet.

Ivar Aasen.

8.

Jeg vil verge mitt land, jeg vil bygge mitt land,
 jeg vil elske det frem i min bønn, i mitt barn.
 Jeg øke dets gavn, jeg vil søke dets savn
 :/: ifra grensen og ut :/: til de drivende garn.

Her er sommervol nok, her er sædejord nok,
 bare vi, bare vi hadde kjærlighet nok!
 Her er diktende trang gjennom arbeidets gang
 :/: til å løfte vårt land :/: blott vi løfter i flokk.

Denne bostavn er vår, og vi elsker den for
 hvad den var, hvad den er, hvad den bliver igjen..
 Og som kjærlighet gror av den hjemlige jord,
 :/: skal den gro av vår kjærlighets :/: frøkor igjen.

Bjørnson.

9.

Eg ser dette landet, eit underleg land,
 med snaudaste øyar kring steinutte strand,
 med brim og med brot over svikfulle bår,
 med fjell-garden mørk som mot Nordhavet skodar.

Eg smyg inn i fjorden; eit fagrare land
 visst aldri eg såg med si grønklede strand,
 med skogfulle li opp om blømande vollar
 og raudgylte bre kringom blåmande kollar.

Mitt heimland, din dal med sin blømande voll
 og fjellet med brear kring blåmande koll,
 det alt til mitt hjarta så underleg talar
 og lyfter min hug over fjell, over dalar.

Ja, Noreg, du er eit underfullt land,
 så stort og så fagert frå fjell og til strand;
 men det er mi von, at meg eingong skal hysa
 ein heimstad som fagrare endå vil lysa. H. Krohn.

10.

Tone: Nu han svævede.

Hvor i verden jeg går, om i syd, om i vest,
 det er dog ei min hjemlige strand;
 ti det fjell som jeg så i min barndom, er best;
 Jeg er stolt av mitt fredreneland.

Ei fordi der er prakt i den ville natur,
 ei for klippens den ensomme gru!
 ei fordi der er gjenklang i av oltidens lur
 mellem fjellenes vegger ennu.

Og jeg elsker vel høyt våre fedres bedrift,
 og hvert sagn driver blod i mitt kinn;
 dog jeg ser kun dets kraft enn i sten og i skrift;
 den er stor, men den er ikke min.

O, men folket som lever med meg på en dag,
 det er mitt, er mitt fødelands lyst, —
 og naturen er skjønn kun ved hjerternes slag,
 som en blomst på den elskedes bryst.

Du vil savne den jord hvor din moder har grætt,
 hvor som barn du i skogene sang.
 I det land hvor din fader til jorden er stedt,
 vil du lenges at hvile engang.

Hvor i verden du går, om i syd, om i vest,
 det er dog ei din hjemlige strand;
 ti det fjell som du så i din barndom, er best,
 og ditt liv er ditt fedreneland!

A. Munch.

11.

Dei gamle fjell i syningom er alltid eins sjå
med same gamle bryningom og same toppom på.
I bygdom hyggja sveinane, og huset stender laust;
men dei gamle merkesteinane, dei standa like traust.

På fjellom er det leikande å ganga til og frå
og kring om toppen reikande so vidt om land å sjå,
til havet kring om strendene med skip som fuglar små,
og til fjelli kring om grendene med tusen bakkar blå.

Der er så mange hendingar i bygdom komne til,
me sjå så mange vendingar alt på eit lite bil.
Dei hava snutt om vollane og flutt og rudt og bygt;
men dei gode gamle kollane, dei standa lika trygt.

Av hav kom sjomann sigande og lengta etter land,
då såg han fjelli stigande og kjendest ved si strand,
Då kom det mod i gutane som såg sin fødestad;
ja dei gode gamle nutane, dei gjera hugen glad.

Ivar Aasen.

12.

Norge, Norge! Blånende opp av det grågrønne hav,
øyer omkring som fugleunger, fjorder i tunger
innover dit som de stilner av;
elver, daler følges fra fjellene, skogås og li
langelig etter. Straks som det letter,
sjøer og sletter, helgedagsfreden med tempel i.
Norge, Norge! Hytter og hus og ingen borge;
blidt eller hårdt, du er vårt, du er vårt,
du er fremtidens land!

Norge, Norge! Skibakkøløpets skinnende land,
sjøulkens havn og fiskeleie, fløterens veie,
gjæterens fjell-ljom og gjøkelbrand.

Akrer, enger, runer i skoglandet, spredte skår,
byer som blomster elvene skyter
ut hvor det bryter kvitt ifra havet, der svermen går.
Norge, Norge! Hytter og hus og ingen borge;
blitt eller hårdt, du er vårt, du er vårt,
du er fremtidens land!

Bjørnson.

13.

Såg du mitt land når snø i liom bråna
og sønnavinden leika langsmed strand?
Når høgt det steig mot klåre himmelblåna
og lauga seg i dagsens vårsolbrand?
Då veit eg visst du ålvorsfull fekk stogga
og bøya kne — du stod på heilag grunn:
i dette land stod fedrane si vogga,
i denne jorda søv dei siste blund.

Såg du mitt land når talatrusten spela,
og lauvet gleim, og symreblom spratt ut?
Såg du det trugne folk som sleit og træla,
men song endå, ja song og takka Gud?
Og visste du at hundre tusen barmar
har banka takt til dette strev kvart år?
at millionar trugne, sterke armar
la all si livskraft ned i jorda vår?

Såg du mitt land når framstegsluren tona
og mannetanken brann i eld og glo?
Når gneist på gneist i skodde-natta ljona,
så heimsens folk i frygd og undring stod?
Såg du, såg du koss unge Noregs søner
reis opp og kasta framandåket av,
og Noregs-målet klang i song og bøner
i heimer her og over alle hav?

Halvor Floden.

14.

Norge, mitt Norge! — så sover du tyst
i vinterens skinnende sale,
og ingen kan drømme så lett og så lyst
når elvene synker i dvale,
og ingen kan smile så stille og glad
når meisenes fløytende stemmer dør av,
og skogene sover i dale.

Norge, mitt Norge så gi meg en vår
med sol over vuggende vanne!
Men hør meg, ja hør meg: når dagen forgår,
og aftenen skygger min panne,
da lær meg å visne, å Norge, min mor,
da red meg en seng i din hellige jord,
når sommeren drager av lande!

Theodor Caspari.

15.

Held deg, Norge, vårt fedreland! Din ære er vår,
din rett våre sønners til seneste år.
Held deg, Norge, vårt fedreland!

Held deg, Norge, vårt fedreland! Her gror deg en arv
av sterkere viljer og sunnere marv.
Held deg, Norge, vårt fedreland!

Held deg, Norge, vårt fedreland! Ved ord og ved dåd
du æret skal benkes i folkenes råd.
Held deg, Norge, vårt fedreland!

Per Sivle.

16.

Å eg veit meg eit land langt deroppe mot nord,
med ei lysande strand millom høgfjell og fjord.
Der eg gjerne er gjest, der mitt hjarta er fest
med dei finaste band:
Å eg minnest, eg minnest så vel dette land!

Der eit fjell stig mot sky med si kruna av snø,
og i lauvklednad ny det seg speglar i sjø.
Og det smiler mot strand, med si bringa i brann
i den solklåre kveld:
Å eg minnest, eg minnest så vel dette fjell!

Og når vinden var spak, fór om fjorden eg rundt,
der eg rodde og rak som ein fiskande glunt.
Der eg leikande låg og meg vogga på våg
i den nattsol der nord:
Å eg minnest, eg minnest så vel denne fjord!

I min heim var eg sæl, avdi Gud var attved,
og eg kjende så vel kor det anda Guds fred,
når til kyrkja me fór, når me heime heldt kor,
og med moder eg bad:
Å eg minnest, eg minnest så vel denne stad!

Denne heim er meg kjær, som den beste på jord.
Han mitt hjarta er nær, denne fjetrande fjord,
og det målande fjell og den strålande kveld,
hugen leikar på deim:
Å eg minnest, eg minnest så vel denne heim!

Og eg lengtar så tidt dette landet å sjå,
og det dreg meg så blidt når eg langt er ifrå.
Med den vaknande vår vert min saknad så sår,
så mest gråta eg kann:
Å eg minnest, eg minnest så vel dette land! Blix.

17.

Når fjordene blåner som markens fiol,
 og breene glitrer i spillende sol,
 når liljekonvallen ved foten av hegg
 står duftende skjønn langs med klippenes vegg,
 mens elven bak or'krattet danser seg vill,
 og trosten i granlien synger dertil, —
 da røres mitt bryst, da blot hviske jeg kan:
 »Gud signe dig, Norge, mitt deilige land!»

Når vinterens bølgende eventyrprakt
 henover den værbitte fjelltind er lagt,
 når fjorden seg lukker krystallklar og prud,
 og bjerken står hvitklædt og taus som en brud,
 når skøytene danser på isblanke vell,
 og bjelleklang lyder i stjerneklar kvell, —
 da røres mitt bryst, da blot hviske jeg kan:
 „Gud signe dig, Norge, mitt deilige land!“

Men når jeg ser folket som rydder sin jord,
 som virker på fjell og ved fiskerik fjord,
 de tusene menn som til sjøs og til lands
 i arbeidets sved vinner Norge en krans,
 de tusene kvinner som yndig og tro
 med kjærlighet sysler i hjemlivets bo, —
 da svinger jeg hatten, da hjertet får tolk:
 „Hurra for mitt brave, mitt kraftige folk!“

John Paulsen.

18.

Gud, sign vår konge god!
 Sign ham med kraft og mod, sign hjem og slott!
 Lys for ham ved din Ånd,
 knytt med din sterke hånd, hellige troskaps bånd
 om folk og drott!

Heimen.

19.

Sjå dagen sprett i austerætt!
 han livet opp vil yngja.
 Sjå, skuggar fly,
 og solglytt ny no gyller sky,
 og tusen munnar syngja!

I morgonstund ved oppstad-mund
 eg vil min skapar lova.
 Han vaker vel for Israel,
 så trygg og sæl
 og i Guds fred kan sova.

I all mi gjerd på livsens ferd
 ditt ord mitt ljøs må vera!
 Gud, styr min stamn til himmel-hamn
 i Jesu namn!
 Så skal nok båten bera.

20.

I østen stiger solen op, den spreder gull på sky,
 går over hav og bjergetop, går over land og by.
 Den kommer fra den fagre kyst, hvor paradiset lå;
 den bringer lys og liv og lyst til store og til små.
 Den hilser oss ennu så smukt fra Edens morgenrød,
 hvor træet stod med evig frugt, hvor livets væld udflød.
 Den hilser os fra livets hjem, hvor størst Guds lys oprandt
 med stjernen over Bethlehem, som østens vise fandt.
 Og med Guds sol utgår fra øst en himmelsk glans på jord,
 et glimt fra paradiset's kyst, hvor livets palme gror.
 Og alle stjerner neie sig hvor østens sol går frem;
 den synes dem hin stjerne lik som stod ved Betlehem.
 Du soles sol fra Bethlehem! hav takk og lov og pris
 for hvert et glimt fra livets hjem og fra dit paradis!

Ingemann.

21.

Det folk som frægt vil vera og vinna lukka lang,
det høgt Guds ord må bera som ljuset på sin gang.

Så høyr Guds ord med age, å land høyr Herrens ord!
Så fagert som ein hage du lysa kan i nord.

Ja lat Guds ord få bera si grøda i kvar grend,
så du eit land må vera som høgt i dygder stend!

Eit land som Gud velsignar, der andens grøda gror,
ein hage der det dignar kvar grein med frukt til jord.

Der folk med kristne dygder, med god og gudleg sed
bur sælt i sine bygder i lukka, ljøs og fred.

Gud, lat ditt ord då fylla kvar heim frå fjell til strand
og med sitt ord få gylla vårt fagre fredreland!

Blix.

22.

Guds ord, det er vår fedrearv, til søner skal det ganga.
Den ætt som kjem, lik den som kvarv,
ved ordet trutt skal hanga. Gud giv og oss den ros:
Ditt ord det er vårt ljøs! Så lenge verdi stend,
det lyse i vår grend som ervegull i ætti!

Grundtvig.

23.

Herre, ta i din sterke hånd
barnet som leker ved stranden!
Send du din verdige Helligånd,
at det kan leke selv anden!
Vannet er dypt og bunnen glatt,
Herre, får han først i armen fatt,
drukner det ikke, men lever,
til du det nåderik hever!

Moderen sitter i tunge savn,
vet ikke hvor det farer,
ganger for døren, roper dets navn,
hører slett ikke det svarer.
Tenker som så: hvor end det er,
han og du er det alltid nær!
Jesus, dets lille broder,
følger det hjem til moder!

Bjornson.

24.

Den fyrste song eg høyra fekk,
var mor sin song ved vogga!
dei mjuke ord til hjarta gjekk,
dei kunne gråten stogga.
Dei sulla meg so undarleg,
så stilt og mjukt te sova,
dei synte meg ein fager veg
opp frå vår vesle stova.

Den vegen ser eg endå tidt,
når eg fær auga kvila,
der stend ein engel, smiler blidt,
som berre ei kan smila.

Og når eg sliten trøytnar av
i strid med alt som veilar,
eg høyrer stilt frå mor si grav
den song som allting heilar.

Per Sivle.

25.

Tone: Nærare deg, min Gud —
Fader, vi takker deg for alt av godt!
Ditt solskinn stråler på hytte og slott.
Takk for hver helsestund!
Takk for hvert smil om munn!
Takk for hver sorg, når kun din favn er nått!

Takk for det daglig brød som du oss gav!
Takk for hver venn du bød til støttestav!
Takk for hvert vingeslag oppad mot lysets dag!
Takk for hver sannhets-sak seier du gav!

Fader vi beder deg: synden vår glem!
Vekk oss, og led oss så vidare frem!
Mer av det mot som stred, mere av kjærlighet,
mere av himlens fred i våre hjem!

Kr. Janson.

26.

Å Gud velsigne kvar og ein
som lyfter av foreldri stein
og deira byrder lettar!
Gud løne kvar ein liten kar
som gled seg ved å hjelpe far
og gjerne mor si mettar!

Han skal ha framgang i si ferd
og vera heppen i si gjerd
og eiga fred i hugen.
Og det han vonar helst og vil,
han lett skal finna vegen til
med kveik og kraft i dugen.

Med roti djupt i fedrejord
Han rik på saft og sevja gror
som aldetre i hagen;
foreldresigning er hans hegn
og himlen sender sol og regn,
han fagert veks mot dagen.

Og den som hev foreldri kjær,
han er og Herrens hjarta nær,
han veglaust aldri venglar,
han finn i nord, han finn i sud
ein himmelstige opp mot Gud
med ljøsens vakt av englar.

Dei smil hans kjærleik elska fram
hjá far og mor, når sorgi gram
sat attmed deira sida,
Gud, lat deim møta honom att
som englar i hans siste natt
og lindra all hans kvida!

Hovden.

27.

Tone: Du gamla, du friska
Guds fred over huset hvor kjærlighet bor,
og hjertet har smeltende stemme,
hvor fremmed og kjending, hvor liten og stor
så hjertelig møtes som hjemme!

Guds fred med den gamle som stunder til ro,
hans aften så mildelig smile!
Guds fred over graven' hvor støvet skal bo,
når ånden går inn til sin hvile!

Guds fred med de yngre som trolig i sinn
de henfarnes minne vil bære!
Guds fred med de små som med roser på kind
oppvokser i tukt og i ære.

Guds fred med oss alle, hvor vi enn skal gå
til engang vi synker i graven!
Guds fred, når det unnes oss salig å nå
gudsfreden i paradishagen!

Reitan.

28.

Fred, det er eit fagert ord,
fullt av ljøs og lukka
for det hjarta som på jord
sårt i strid må sukka.
Fred frå Gud i barmen sår
Fell som sol på enger,
skaper liv og von som vår,
myrkret sunder sprengjer.

Fred på jord! så englar song
Då vår frelsa dagnad,
Jesus gjennom strid og trong
gav oss fred og fagnad
Fred på jord, det er hans gjerd,

ved hans soning vunnen,
fred med Gud i fredlaus verd
er ved honom funnen.

Når i sorg me sitja må,
sturande og trengde,
Herre Jesus, til oss sjå
Gjenom dører stengde!
Anda på oss, Frelsarmann,
så din fred me smaka,
den som verdi ikkje kann
giva eller taka! Blix.

29.

Tone: Vingede skarer —

Eder hvis navne ei for mengden funkle,
I som fikk gavne, glede i det dunkle
eder hvis tanker evig grønn sig ranker
om mangt et sorrig-fullt sinn, —

hver far og moder som for barn har bedet,
kjærlighets floder over landet spredet,
og hver en datter som med barnelatter
smykket det elskede hjem, —

hver trofast kvinne som har tornekransen, —
du om hvis minne perler tåre-glansen,
hustru som kjempet og for andre lempet
sorgen mens selv du har lidt, —

hvert ildfullt hjerte, slukt i dødens kulde,
hvis minne-kjerte skinner over mulde:
— her over graven takker vi for gaven,
takker fra søskenes flokk!

Og når vi brenne het av stridens harme,
å, la oss kjenne eders søsken-arme.
La eders skygger følge når vi bygger
kjærlighets tak om vårt land! Nordahl Rolfsen,

30.

Om gleda allstad lyser kring oss i livsens sveim,
— når barneminna vaknar, vårt hjarta lengtar heim.
Og aldri du i verda vil finna nokon stad
så kjær som barneheimen, der var du hjarteglad,
— heim, heim, min kjære heim!
Nei ingen stad på jorda er ven som du, min heim.

Eg alltid går og lengtar til heim og far og mor.
Skal aldri meir eg koma til heimen her på jord?
Der fuglar fagert kvitra og glade song på grein,
og hjarta gret av glede og gløynde sorg og mein,
Heim, heim, min kjære heim!
Nei ingen stad på jorda er ven som du min heim.

Peter C. F. Faber.

31.

Syng kun i din ungdoms vår, i din lyse sommer!
Sangens vell fra hjertet går og til hjertet kommer.
Engang dine ungdomskvad
vil når høsten kommer, glad tone deg i møte.

Håret gråner, sangens elv flyter mere stille,
rinner før du vet det selv, ut i minnets kilde.
Søtt er da hvert ungdomskvad,
som en røst vemodig glad i de tause lunde.

Joh. D. Behrens.

32.

Tone: Dei gamle fjell —

Min gode, fagre barneheim, eg minnest deg so tidt.
Kvar natt i draum eg vitjar deg og helsar deg so blidt.
Eg såg nok høgre fjell enn der; eg såg nok større skog;
men aldri, aldri nokon stad slik venleik kring meg log.

Eg såg nok sola skine blidt og vent om framand gard.
Men aldri hjartesola skein som der hjå mor og far.
Min gode heim så trygg og ven bak berg og høge nut
kvar helst på jord eg ferdast må, eg vera vil din gut.

Eg vera vil din gut som før og bera sonenamn.
Eg trur du enno opnar meg din trygge moderfamn.
Til deg, til deg eg lengtar så, eg stundar dag og natt,
og om det kanskje vert litt seint, eg finn deg fulla att.

Moren.

33.

Ej med stora later och stärka ord
skal du visa kärleik till hemmets jord.
Nej, med handen vid plogen
och med slagan på logen
och med tankens kraft vid ditt arbetsbord.

Fosterlandet blir vad du gör det till --
blir så ljusst och fagert och rikt du vill.
Det är du som bebor det,
av din gärning beror det;
fosterlandet blir vad du tror och vill.

Axel Lundegård.

34.

Mellom bakkar og berg ut med havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender,
det var ingen som der hadde bygt.
„Lat oss rydja og byggja oss grender,
og så eiga me rydningen trygt.“

Han såg ut på det bårute havet;
der var ruskut å leggja utpå;
men der leikade fisk nedi kavet,
og den leiken den ville han sjå.

Fram på vinteren stundom han tenkte:
gjev eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå. Aasen.

35.

Det kors i flaggets røde bunn,
det bar vårt folk i nødens stund;
mens været tok og lynet slog,
så folket at et tegn det var
som frelse for dets frihet bar.

Ti korset er den sterke tro
som har i nordmannshjertet bo,
den tro som står i trengselsår,
som gjennom nederlaget bær:
den tro at „Gud han attåt er.“

Stå nå som spir på Norges tak
og kors vår kirke, lov og sak!
Velsign, o flagg vår nye dag!
Gå foran du på folkets gang,
og vær dets kronete frihetssang! Jonas Lie.

36.

Me heisar vårt flagg, for me er eit folk
og eig oss vårt eige tun,
der merket skal standa bolk etter bolk
og lysa frå brun til brun.
Og tunet det ligg på knaus attmed sjo,
og flagget det vert då standande so,
at bjarte skimten kann falla derav
så vide om land og hav.

Og flagget er raudt, og flagget er kvitt,
og flagget er blått dertil.
Og flagget er blankt, og flagget er fritt
og provar oss det me vil.
Og Noreg skal helsa flagget med hug,

og Noreg skal verja flagget med dug.
Og Noreg i naud skal sanna det greiddt,
at flagget og det er eitt.

Me elsker vårt flagg der det stend på vakt
og vinkar oss opp og fram.
Og aldri det skal med grunn verta sagt,
at me er vårt flagg til skam.
Og stongi me plantar ved hjarterot,
og flagget skal vera ljøs for vår fot,
der Noreg det gjeng ifrå herjeherk
til lukke og heiders-verk.

Me heisar vårt flagg, for me er eit folk
og hev som eit folk vårt krav.
Og kjem der imillom ein brjotingsbolk
så rid me den bolken av.
Og han som gjev ljøs og unner oss dag,
han vare vårt land, og han vigsla vårt flagg!
Gjev sol, du Gud Fader, til folk og land
og kveik oss ein heilhugs-brand! Sivle.

37.

Tone: Kirken den er et gammelt hus
Stol du kun på dit fadervor,
lad dig derfra ei forlokkes.
Himmel og jord engang forgår,
aldrig dog fadervor rokkes.
Det er Guds ord i barnemund,
klippe og skjold i farens stund,
pant på Guds-faderligheden. Grundtvig.

38.

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar
med ein høg og heilag klang,
alle folk og alle flokkar
til ein hugsam kyrkjegang!
Syskin lat oss kallet fylgja,
over berg og over bylgja,
lat oss gå på kyrkjeveg
glade både du og eg!

Her hev våre feder funne
Hjartefred og sælebot.
Her hev livsens kjelda runne
friskande om hjarterot.
Tårnet høgt mot himlen peikar,
der på himmelstigen leikar
gode englar til og frå
millom jord og himmel blå.

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar.
Det er sundags høge ro,
Våre sorger burt seg tokkar,
våre sjelesår skal gro.
Ja, eg gløymer all mi møda,
Jesus vil mitt hjarta grøda,
ved hans barm der er min stad,
sterk han gjer meg, sterk og glad.

Hovden.

39.

I heimen der hyggjer seg barnet best,
til heimen vil ungdomen stunda,
og mannen som sviver i aust og vest.
vil heller på heimferdi skunda.
Om landet var bratt og steinut og svatt,
og møder i vegen var mange,
på heimvegen gjekk det då heller radt,
og milene vart ikkje lange.

Mauren kryp aldri så vidt i kring,
han leitar ei oppatter tuva,
og mannen løyp ikkje så lang ein sving,
han lengtar ei heim til si gruva.
Om òg han var glad i framande stad,
så vil ikkje hugen seg festa,
og heimen med haugar og stein og sva,
han verter då kjærast å gjesta.

Ja, heime der baka dei brødet best,
og venaste klippa dei kledi,
der hava dei klangen i målet mest,
og venaste kveda dei kvedi.
Der ser du ein dag med ljósare lag,
og skog med eit mildare skygge;
og råmar så sorgi deg der med eit slag,
så finner du endå eit bygge.

Asen.

40.

Tone: Jeg vil meg Herren love.

Mitt hjarta tru med tryggje på ordet av Guds munn!
På dette berg du byggje, det er så god ein grunn!
Om jord og himlar falla, Guds ord då aldri fell.
I tru på honom kalla! Så stend du som på fjell.

Blix.

41.

Kom, Jesus, inn og med meg ver,
når det til kvelden stundar!
Og lat din engel standa her
ved lægjet når eg blundar,
og varda vel min kvilestad!
Og vekk meg glad
til song med fugl i lundar!

Blix.

Arbeidslivet.

42.

Vakna, vakna! Dagen strøymer frisk og frid!
Vakna, Vakna! Soli lær i lund og lid.
Soli skjeker vengjer, og doggi skin på strå.
.;: Så vakna, vakna alle då,
til arbeids gå. ;:;

Vakna, vakna! Dagen strøymer frisk og frid.
Vakna, vakna! Soli lær i lund og lid,
fuglar syng og tirlar, og himlen er så blå.
Så vakna, vakna alle då —
til arbeids gå!

Eskeland.

43.

Tone av K. Svensen.

Brøyte seg rydning i svarteste skog,
plass til en stue og muld til en plog!
Hugge vekk alt som gjør skummelt og tungt,
hugge seg sol til alt fagert og ungt.
Bygge seg hjem hvor der før var fjell,
bygge det selv! bygge det selv!

Trenger ei slotte, vi vil kun et hjem,
fattig, men lunt under fonnes brem.
En feller furuens malmhårde legg,
én snitter skjønnhet i tømrede vegg,
sammen så heiser vi hjemmets flagg
høyt på vårt tak!

I bygger huset, vi kranser dets tind,
vi spiller sang i vårt leggende sinn.
Kjekke i kjemper! Og over jer tross
stråler som regnbuer over en foss!
Nå vil vi spille så godt vi kan
sang over land!

Vilh. Krag.

44.

Å leva, det er å elske det beste di sjel fekk nå;
å leva, det er i arbeid mot rikare mål å trå.

Å leva det er i livet å finna det største verd:
å leva, det er å vinna til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja all uret og lygn i grav;
å leva, det er som havet å spegla ein himmel av.

Anders Vassbofn.

45.

Tone: Norges høitidsstund er kommen.

På det jevne! på det jevne! —
Ikke i det himmelblå —
der har livet satt dig stevne,
der skal du din prøve stå!
Alt hvad herligt du kan nevne,
alt hvad høit din sjel kan nå,
skal hernede på det jevne
fast sin rot i livet slå.

Komme ned — se det er tingen! —
Dale glad som fugl fra sky,
når med sang den senker vingen —
ikke falde tung som bly! —
Komme ned og slutte ringen,
være glad i kveld og gry,
elske verden, hate ingen,
føle sig som født påny! Kaalund.

46.

Handi hans far min var sliti og hard
og skrukkut som gamalt horn,
ho fekk si bragd på den magre gard
I træling for kona og born.

Handi hans far min, eg gløymer kje ho
med fingrane krøkt av mein,
ho ligg og skin i mitt minne no
så fin som ein perlestein.

Tidt når eg veiknar, og båten driv av,
eg tykkjer hans trugne hand
enn ror ved sida mot straum og hav
og bergar meg båten i land. Hovden.

47.

Du gamle mor! du sliter arm
så sveitten er som blod,
men endå i ditt hjarta varm;
og du meg gav min sterke arm
og dette ville mot.

Du turka tårer av mitt kinn
så mang ein Herrens gong
og kyste meg som guten din
og bles meg uti barmen inn
min sigerfulle song.

Og gamle du, du gav til meg
mi mjuke hjarte-rot,
og difor må eg elska deg,
kvarhelst eg vankar på min veg,
om så på vilan fot. Vinje.

48.

Løft ditt hode du raske gutt!
Om et håp eller to ble brutt,
blinker et nytt i ditt øye,
straks det får glans fra det høye!

Løft ditt hode og se deg om!
Noe er der som roper: kom! —
noe med tusene tungler,
som om freidighet sjunger.

Løft ditt hode, ti i deg selv
blåner også et utstrakt hvelv,
hvor det med harper klinger,
jubler, toner og svinger.

Løft ditt hode, og syng det ut!
Aldri kuer du vårens skudd;
hvor der er gjærende krefter,
skyter det året efter.

Løft ditt hode, og ta din dåp
av det høye, strålende håp
som over verden hvelver
og i hver livsgnist skjelver! Bjørnson.

49.

Sjå no er det dag, og no er det tid,
og dagen er Noregs dag.
No trengs det at kvar den neve her bid,
kjem med i vårt yrke-lag.
For no er det just at Noreg hev vår,
og no er det stund vår åker me sår
og rydjer oss ny med grev og med plog
i livd utav fjell og skog.

Me rota og grov — det vanta kje på —
så tidt i vårt Noregs grunn.
Men ofte så reint me gløymde å så,
og hausten vart heller tunn.
For tistel her vaks, og brenne-gras vaks,
— og gjerne så vart det minder med aks.
Men no lyt me til, som grunnen er verd,
å onna på onnor gjerd.

Me hegnar vår heim mot hat og mot hogg
så sår me med dåd og ord.
Og himlen gjev sol, og himlen gjev dogg,
og livet i Noreg gror.
Og vår skal her gro mot sumeren inn,
og truskap skal gro i hjarta og sinn.
Og så er det von at Noreg det får
seg ein gong eit fagna år.

50.

Tone: Mens Nordhavet bruser.
Her spirer i Norge, her gror i dag,
og skogen har løv om sin panne.
Her klinger av toner, her lyser av flagg,
her yrer av liv over lande.
Og gjøken hilser den unge vår,
og barmer svulmer, og hjerter slår.

De slår for den rett at vi råde kan
vår egen, vår arvede tue.
De banker for rettferd mot hver en mann,
mot ham i den laveste stue,
— Det er en lære som synes lett:
Hvo rett vil vinne, bør øve rett!

Vi har ikke tid til å ankre opp;
vi videre fremad vil stevne.
For Norge oss venter i sluttet tropp
og krever vår vilje og evne.
Ja, fremad, fremad, til seirens dag
med solskinn signer vår vunne sak!

Sivle.

51.

Tone: Oss ha gjort kva gjerast.
Markje grønest, snøen bråna, fjell bli bert og lauve sprett
marinykjyl står i dalom, kue seg fæ eta mett.
Alt som leve, byrja kreka, bjønnen kjem frå hie fram.
Utor fjose spring fornøgde ku og kalv og sau og lam.

Alle fuglar lét seg høyre, tiur sit på furukvist:
kvar som kjenne att sin make, syng med hugna: takk for sist!
Blanda song i fjelle ljoma, gauk og røy og jerp og trost
kappast om kven best kan rope glede ut for slutta frost.

Edv. Munch.

52.

Nystevntonen.

Ja alle saman me med lyt vera
til folket, landet vårt fram å bera;
kvar har sin lut av det arbeid fått,
ein i det store og ein i smått.

Og kvar lyt gjera kva han kan makta;
om smått det vert, får du ikkje akta.
Når alle småtak i hop vert lagt,
det veksa kan til ei verdensmakt.

Olaus Alvestad.

53.

Vi vil oss et land som er frelst og fritt
og ikke sin frihet vil borge.
Vi vil oss et land som er mitt og ditt,
og dette vårt land heter Norge.
Og har vi ikke det land ennu,
så skal vi vinne det, jeg og du!

Sivle.

54.

Vi reiser det som velt er med bøn og barnehug,
vi reiser mål og mæle vi reiser dygd og dug.
Vi reiser stakk og stenge for vonde vargetann;
så byggjer vi og båter med ånd og med hand.

Så bryt vi åker og plantar og sår i godan jord.
For ho skal vera prydeleg, vår gamle, gode mor.
Så signar ho oss moderleg med sæle barne-namn.
Så tek ho oss omsider så vart og godt i famn.

Hans Seland.

55.

At far min kunde gjera det gilde han hev gjort,
og fram i livet bera så mykje gjævt og stort,
det var frå dag til annan for meg så god ei stø:
stor arv det er for mannen av godtfolk vera fødd.

34

Slik kar var aldri funnen, så langt som saga veit.
Og ordet flaug frå munnen, så godt som sverdet beit.
Du hørde'n aldri mala i klynk om sine kår.
Den guten kunde tala med skjemt om sine sår.

Han lærde franskmann fikta og finna riddarverd
og engelskmannen dikta og hava sjøen kjær.
Og fremst han stod i lina, og rett han stelte den.
Frå Skottland til Messina han skapte styresmenn.

Min store fader døydde — sjå det me alle må —
og arven bort dei øydde, men sumt eg att kan få.
Her gjeng eg stundom sliten og leitar etter ord!
Skal tru eg er så liten for det han var så stor?

Men graset gror på bøen og korn på gamal vis,
og enno gamle sjøen er like fri for is.
Vår' fjell er like håge og lufti like blå,
så enno like fjåge me fram kan stemna på. Vinje.

56.

Unge Norge, så vakkert du er
når du gylles av sol over vang!
Gjennom skogenes susende trær
toner fremtidens lykk'lige sang.
Nu skal frihetens faner på ny
foldes ut over bygd, og by.
Fram til arbeid, hver kvinne og mann,
— vi skal gjenreise Norge, vårt land!

Gjennom blod, gjennom tårer og sved
har vi kjempet i samhold her nord
for å verge den frihet og fred
som har rot i vår fedrenejord.
De som falt i de krevende slag,
vi vil minnes dem alle idag.
Vi vil bøye vårt hode for dem
som ga livet for jord og for hjem.

35

De har gitt oss en kostelig arv,
og kring den vil vi trofast slå leir.
Med vår øks, med vår plog og vår harv
går vi ut for å trygge vår seir.
Nå skal frihetens faner på ny
foldes ut over bygd, over by.
Fram til arbeid, hver kvinne og mann!
Vi skal gjenreise Norge, vårt land!

Påche Åsen.

57.

Dei vil alltid klaga og kyta
at me ganga så seint og så smått;
men eg tenkjer dei tarv ikkje syta;
me skal koma om ikkje så brått.

Ja, det skyt ikkje fram så det dunar,
— som no ingen kan undrast oppå;
men det monar då jamt, ja det monar,
så det stundom er hugnad å sjå.

Lat det ganga fram, lat det siga!
Berre eit eg ynskjer og bed:
at me ikkje så høgt måtte stiga,
at me gløyma vår fedrane-sed.

Lat oss ikkje forfedrene gløyma,
under alt som me venda og snu;
for dei gav oss ein arv til å gøyma,
han er større enn mange vil tru.

Lat det merkast i meir enn i ordi
at me halda den arven i stand,
at når federne sjå att på jordi,
dei kan kjenna sitt folk og sitt land.

Aasen.

58.

Kunskap skal styra riké og land,
og yrke skal båten bera,
og ingen må vera ein styresmann
som inkje ein mann kan vera.

Vår jord skal odlast og dyrkjast på
av sterke og harde hender,
så gutar kan føda og klede få
og veksa til sterke menner.

All æra må liggja i ærleg strev
og beda i sannings tempel,
og den som av Gud fekk sitt adelsbrev,
han treng ikkje kongens stempel. Vinje.

59.

„Underlegger eder jorden“, sae Gud.
Ennu alle steder det er første bud.
Først i plogens spor åndens grøde gror;
bonden er og var all kulturens far.

Jord, du er vår moder over alt ennu.
Skifter andre goder, trofast bliver du,
ligger hvor du lå, byder hvor vi gå
årvisst enn idag åndens underlag.

Du gir hus og varme, du gir mat og klær,
du gir sterke arme, du gir seige knær,
du gir ro i sinn helt til byen inn;
fredens stille sus står av bondens hus.

Bonde, du deg bøye kun med spad' og spett;
kronet blir din møye, adlet blir din ætt,
bygget blir ditt land; norske bondemann,
stå, til alles hell fast som Norges fjell.

Jorden skal du ære, hellig er din jord;
bonde skal du være, hedersnavn i nord!
Signe Gud enhver som sin jord har kjær
mens sitt liv han sår på sin grunn og gård.

Jonas Dahl.

60.

Tone: Eg beisla min støvel,
Eg traskar i skog og trakkar i myr
og kliv oppi brattfjell og urder.
Dei seier eg er ein underleg fyr
som går så åleine og sturer.
Å ja, det er sant! Eg tenkjer så mangt
og saknar og lengtar og ser så langt.

Sjå, åsane ligg og blånar og skin,
og vårsola vermer og lyser.
Og dalen er stor og fager og fin,
men ikkje eit menneske hyser.
Å, fanst her ein kar, så vart her ein gard
med odel og arv ifrå mor og far.

Sjå, myrane ligg i skogane blå,
og kaldvatnet voksteren kjøver.
Men molda er rik — her kunne dei så,
så voks her den finaste kløver.
Her kunne vi bu med hest og med ku
og ha det så triveleg, eg og du.

Men molda ligg daud. Og myra er grå.
Og her må eg rusle åleine.
Her finst ikkje folk, så langt eg kan sjå.
Og timane raklar så seine.
Å, var her no menn, så låg her ei grend
så slap du å rusle åleine, Sven!

Eg ruslar og sig her motlaus og arm
i gråmyr og ulendte skogar.
Eg tenkjer så sårt i saknad ôg harm:
Å, gjev her var fem tusen plogar
og fem tusen grev og fem tusen brev
på jorda, som løner med gull alt strev!

Så minka kvar myr, så friskna kvar skog,
og liene grønkar som hagar.
Så vart vi eit folk så friskt og so fritt,
så slapp vi dei ævlege klagar
for skattar og toll og farkar og troll;
for jorda — hei, hopp! — ho gav hundre foll!

Men skogane døyr. Og myra er rå.
Og ungdomen fer over havet.
Og gamal og grå og grinut og blå
går gubben åleine med kavet.
Eg gleid og eg datt, eg miste min hatt,
eg tykte at verda var bakvend radt.

Møren.

61.

Tone: Med strålekrans —

Det største her i verden er ikke kløkt og makt,
men Herren glad å tjene i kjærlighetens drakt.

Det høyeste i verden er ikke ørneflukt.
men med sitt hjertes vinge å dekke andre smukt.

Og der er livets lykke, Guds himmel i det små;
å miste er å finne, å give er å få.

Å tjene er å herske, å tjene er å så
den aker som skal gulne mot evighetens blå.

Jonas Dahl.

62.

Tone: Vær trøstig mitt hjerte —

Gud signe vårt folk der det sigler og ror
og blåmyri pløyer i sør og i nord!
Di hand må deg vara som ute skal fara!
Dei strevar og balar på skip og i båt,
Gud vere i storm og i stilla attåt!

Sitt levebrød hev dei på brusande hav,
med berre ei fjøl mellom seg og si grav.
I forvêr og fare forkomne og klare,
dei hev ikkje mykje å tryggja seg til.
Gud Fader, du styrkja og trøysta dei vil!

Når bårene bryt over holmar og skjer,
og stormen og straumen mot fallgarden ber,
du båten må venda og berging dei senda,
så leii dei finn mellom fluer og fall,
og inn gjennom skjergarden kjem dit dei skal.

Men lid det mot kvelden og natti kjem på,
og brotsjøen veks og vil over dei slå,
Gud, hjelpe dei i nåde og frels dei frå våde!
Lys for dei i myrkret og styr deira stamn,
og før deira båt til den fredfulle hamn!

Støylen.

63.

Tone: Apostlene satt —

Me kastar vårt korn i den svarte jord
og gøymer det vart innunder.
Gud gjeve det vokster og fager gror
med vårdogg og solskins-stunder.

Din ande er sol over snøtung før
og dogg over turre reinar;
der du i din nåde om åkren går
der avlast det brød av steinar.

Kvart strå gjev du makt av di eiga makt,
og trådom mot ljøs og trivnad;
og alt som med tru er i moldi lagt,
du reiser til fullgod livnad. —

Me kastar vårt korn i den svarte jord
med bøn-ord om godan grøde,
så reis det då, Fader, med livsens ord
til fullmogen folkeføde.

Ragnvald Vaage.

64.

Tone: Ifjor gjætt' eg gjeita' i djupaste dalom
Så lang er no vintren for den som må stelle,
og da må det just om forsynlighet gjelde.
Ti den som uvittig med fôret vil sløse,
Den får vel om våren se jammer i fjøset.

Men kulde og snefokk meg slett ikke skrømmer.
Om istappen henger om skjørtet som bremmer.
Så lunt er det alltid i fjøset om kvelden,
Og den som er trett, sover godt under felden.

Å sørg inte, kua mi, for vinterens dage!
Vårherre han sender nok våren tilbake.
Og der skal bli sprang når vi kalven skal løse,
Når alle småkvigene slipper av fjøset.

Og skal jeg til sæters, så drager jeg gjerne;
Der skal jeg vel stelle og yste og kjerne.
På sæteren er vel adskillige farer;
men Gud er jo med, som oss alle bevarer.

Og kjørene rauter og kjennes ved hjemmet,
og jeg blir traktert som jeg nettop var fremmed.
Ja, lykkelig den som en buskap kan eie!
Men har jeg inte gård, vil jeg være budeie.

Hanna Vinsnes.

65.

Tone: Det ligger et land —

Me bryt og me plantar, me pløgjer og sår,
vårt arbeid me vigslar med sveitdropen klår.
Or vegen me ruskar kvar stubbe og stein
og alt som vil stengja og vera til mein.

Og Herren han signar vårt ærlege strev
Hjå han fær me solskin og voksteren hæv.
Og Noreg det er som me steller og sår.
Og vonfullt det blømer i sevjerik vår.

Olav Øygård.

66.

Tone: Tidt eg minnest —

Vi legg inn nyland og lagar hegn
av heilan hug og givnad.
Gud signar sædet med sol og regn,
då skal det fagert livna.

Hugnad heime — det er gjestebod
kvar ein dag om enn med lita råd.
Hjartelaget gjer det meste då
til livsens gode trivnad.

Vi kunne få til så god ein gard
med hus og gilde hagar,
så sant vi nøytte oss nokon kvar
i onn og yrkedagar.
Men når storstein-rabben vi får rudd
attåt alle åker-lægje snutt,
og den gamle stova flidd og flutt,
det litt om litt seg lagar.

Tore Ørjasæter

Utferd.

67.

No livnar det i lundar, no lauvast det i li,
den heile skapning stundar no fram til sumars tid.

Det er vel fagre stunder, når våren kjem her nord,
og atter som eit under nytt liv av daude gror.

Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song!
Du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong,

då me med vigsla tunga, med kjærleik heil og klår,
alt utan brest og sprunga, skal lova Herren vår.

E. Blix.

68.

Tone: Å kjøre vatn —
Når våren ånder på li og fjell
og vekker urtene av dvalen,
da dufter søtt fra hvert bakkehell
vel tusen blomster gjennom dalen.
Men av dem alle er dog fagrest én;
den glinser skjær foruten plett og mèn
og ånder ut et sommerbud:
konvallen, blommenes blomme.

Den spirer helst på et enlig sted
hvor bakken luner for vinde;
men luften lokker dog hen ditt fjed
hvor du dens klynger kan finne.
Der står den skjult bak det brede blad,
og bøyer blek mot jord sin klokkerad —
å se dens kinn, så lys og linn!
Ja, den er blommenes blomme.

Konvallen ligner ditt hjertes brud,
din blonde, nordiske pike.
Den liljerene, den skjære hud
kan sinnets renhet deg si.
Å, denne milde, klare skjønnhets makt
hver nordisk ungersvenn i bånd har lagt.
Den dufter bly i le og ly —
den selv er blommenes blomme.

Så tenk på henne du i klyngen tok,
og la for henne hjertet banke!
I all din forårsrikdom har du dog
ei nogen fagrere tanke!
Den bringer deg det første klare bud
at åndens sommerblomst vil springe ut
i lysets bad med deilig blad,
til krans for blommenes blomme. Moe.

69.

Når du vil på fjellesti og skal nisten snøre,
legg så ikke mere i enn du lett kan føre!
Drag ei med dig dalens tvang i de grønne lier,
skyll den i en freidig sang nedad fjellets sider!

Fugler hilser dig fra gren, bygdesnakked viker,
luften bliver mere ren, høyere du stiger.
Fyll ditt glade bryst og syng, og små barneminner
nikke vil blandt busk og lyng frem med røde kinner.

Stanser, lytter du engang, vil du få å høre
ensomhetens store sang bruse til ditt øre.
Blott en fjellbekk risler kvikt, blott en småsten ruller,
føres hit din glemte plikt med en verdens bulder.

Bev, men bed, du bange sjel, mellem dine minner!
Gå så frem: den bedre del du på toppen finner.
Der som før går Jesus Krist med Elias, Moses:
ser du dem, skal ganske vist farten evig roses.

Bjørnson.

70.

Å nei, for himmel rein og klår!
Å sæle meg no er det vår!
No spelar liv om land og strand:
å sæle meg, at opp eg vann!

Å nei for dag Vårherre gav!
Så skirt om fjell, så svalt i hav!
Så linn ei luft, så høgt om haug!
Og dette sæle solskinslaug!

Å nei, eg høyrer lerka slå
opp under bleike himmelblå!
Mot kvelv ho stig med songen sin;
snart når ho visst i himlen inn.

Sjå måken ror frå klare nut
i stille tak mot havet ut;
og fugl det kvitrar, kved og syng
i tun og tre, i lund og lyng.

Det brydder strå, det sveller knupp,
og sevgja stig i treet opp;
ein dâm det vaknar søt og tung . . .
Å sæle meg som er så ung!

71.

Vi vandrer med freidig mot,
vårt sinn er lett, og rapp vår fot,
i høyden oppad mot fjellet,
i dypet til fossevellet.
La veien gå hvor hen den vil,
vi vandrer frem med sang og spill.

Her er vi i Guds natur!
Som bekken vill i fjellets ur,
så stevner vi frem på ferden;
ti åpen oss ligger verden.
Og derfor vi som fuglen glad
vil juble høyt i sky vårt kvad.

Vi er jo en lystig flokk,
av mot og sange har vi nok.
La storme kun ut på fjorden,
la true med lyn og torden;
vi fukter strupen på vår gang,
og hilser fjell og fjord med sang.

H. Ibsen.

72.

Hu hei kor er det vel friskt og lett oppå fjellet!
Her leikar vinden i kate sprett oppå fjellet!
og foten dansar og auga ler,
og hjarta kveikjande hugnad fær oppå fjellet!

Kom opp, kom opp frå den tronge dal oppå fjellet!
Her blæs ein blåster så frisk og sval oppå fjellet!
Og li-i skin utav blomar full,
og soli drys alt sitt fagre gull oppå fjellet!

I dalen stavrar du tung og heit, kom på fjellet!
Kor fint her er, ikkje nokon veit, her på fjellet!
Ditt auga flyg yver nut og tind,
det er som flyg det i himlen inn opp frå fjellet!

Og når nå soli til kvila gjeng attom fjellet,
då reiar skuggane opp si seng attmed fjellet.
Då gidrar alt i ein stråle-straum,
og hjarta sveiper seg inn i draum oppå fjellet.

Kristofer Janson.

73.

Tone: Å kjøre vatn —

Vi er en liten, men livsglad flokk
med mot og ungdomsfriske tanker.
Bak stueveggen vi lenge nok
lå innfrosset og for anker.
Nå er det sommer over bygd og kyst,
og der er ungdomsglede i vårt bryst,
fjorden er blå, utad vi må
og drikke luft blant blomsterranker.

Ja derfor leve vårt broderlag,
og trives vakkert gjennom tiden!
Vi slår som hærmenn for lysets sak;
Gud signe målet og striden!
Vår tid er dådens, og den trenger menn
med klare tanker og med sverd ved lend;
gjelder det så, ut vil vi gå,
vår flokk er sterk, skjønt den er liten.

Ibsen.

74.

Tone: Nyst munde det regna

Når som Noreg i sylvkåpa glimar,
då på føtene spenner me ski.
Opp frå dalen i flokkar me stimar,
og så møtest me gutar i li.
Der det gjeld vera hard,
der det gjeld vera kar,
der det gjeld vera søner åt far.

Og om is-tapp i trøya seg støyper,
stender kinni i friskaste glo;
ned frå ufser og nutar me løyper,
så me stend i ein røyk utav snjo.
Og så gjer me eit hopp,
og med ski og med kropp
flyg me opp, så det sjogar i topp.

Telnes.

75.

Tone: Vi vandrer med freidig mot —

Så synger vi på vår tur
i Norges herlige natur.
La tonen seg stille slynge,
som farve fremover gyng
på fjord, mot strand og skog og fjell
og blåne i naturens vell.

Det varme i folkets trang,
det sterke, dype i dets sang
her slår det sitt øye mot deg,
som nettopp det nå förstod deg
og gav for møtet som det fikk,
av alt sin kjærighet et blick.

Bjørnson.

76.

Tone: Kirken den er et gammelt hus —

Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud,
såleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter,
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter;
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar!

Signa då, Gud, vårt folk og land,
signa vårt strev og vår møda,
signa kvar ærleg arbeidshand,
signa vår åker med grøda!
Gud, utan deg den vesle urt
veiknar og visnar, bleiknar burt,
ver du oss ljuset og livet!

Hovden.

77.

Til fjellet må jeg flytte når gresset spirer frem.
I dalen står min hytte, der er min gledes hjem.
Men nå hviler solen sig matt på åsen,
og nå våkner nattens kjølige vinde,
og stuten står inne og brøler på båsen
nå er det lørdagskveld.
Suril, suril, suril, surillei!

På fjellet stormer hvine, henover ur og myr;
i dalen gamle Stine forteller eventyr.
Men nå har jeg laget dravle og myse,
og nå er jeg pyntet med søljer og ringe;
å, hør hvor de klinge! å, se hvor de lyse!
Nå er det lørdagskveld!
Suril, suril, suril, surillei!

Riis.

78.

Här är gudagott at vara.
O vad livet dock är skönt!
Hör vad fröjd från fåglars skara,
se hur gräset lyser grönt!
Humlan surrar, fjäriln prälar,
lärkan slår i skyn sin drill,
och ur näktarfyllda skålar
dricka oss små blommor till.

Gunnar Wennerberg.

79.

Se Norges blomsterdal! Farvel, du kvalme fangekrok,
den ville graneskog er nu så deilig sval! Trala!
— Ja, lystelig det er i Nord blant fjell og li og fjord.
Hør fjellets stolte foss! Nyss brøt den vintrens bånd og
tvang;
nu går den fritt sin gang og brummer bass til oss. Trala!
Tyss! Gjøk fra bjerkekvist sitt »ku ku« slår av hjertens
grunn,
litt klosset er hans munn, han mener: „Takk for sist!“ Trala!

På friske grønne eng, står blomster, røde, gule, blå
og reder alver små en yndig brudeseng. Trala!

Så blå som himlens hvelv fra hyttens dør, så skjelmisk
på klem,
to øyne titter frem og ler som Frøya selv. Ha, ha!

Og får vi enn en skur — litt regn gjør bondens aker godt!
Vi skydde aldri vått, det er mot vår natur. Trala!

Når hjem til dont og by vi vende må fra landets lyst,
med glemmegei ved bryst vi synger høyt mot sky: Trala!
— Ja, lenge blomstre gamle Nord med fjell og li og fjord!

Andr. Aabel.

80.

Flaumen går, i Noreg er vår,
bjørka sprett i dalom. Dølakar
traust og hard rydjer fedregard.
Sjå kor det losnar i alle liom,
skreda fer etter bergesidom.
Flaumen går, i Noreg er vår,
og dølan' er det som rår.

Om seint me kjem, så er det med klem.
Me vil garden rydja. Bondemål,
kvast som stål, gjev ikkje lenger tol.
Norskt mål vil me i Noreg hava,
ikkje lenger med dansken kava.
Bondemål, kvast som stål,
gjev ikkje lenger tol.

Haralds verk — fjellbonde sterk
gjer no andre gongen. Gamalt grjot
av kjemperot endå har manndom og mot.
Kome alle, ver med på ferda,
så skal det spørjast i vide verda
at Noregs mann gjekk på og vann
atter sitt eige land.

Ivar Mortensson.

81.

Tone: For Norge, kjæmpers fødeland —

Det er min sjel en frydfull trang
å gjeste Norges dale.
Den gamle fjellkoll elsker sang,
de glade hjerters tale.
Kom til den fagre Maridal,
til Kleivens svimlende portal!
Kom hvor som helst, og Norge skal
deg i sin favn husvale!

Hist slanken selje, hegg og pil
og rogn seg sammenranke.
Det nakne fjell de dekke vil —
det er en kjærlig tanke.
Så, norske brødre, bryst ved bryst,
vi ville med vemodig lyst
vår moders bryst selv hylle til
— det er en kjærlig tanke. Wergeland.

82.

Og vesle lerka, ho hev det so,
at finn ho ein tuvetopp fri for snjo,
så kved ho i med sin gladaste song,
så trur ho på vår med ein einaste gong.
„Å hei! å hå! å tiriliti!“

Og vesle lerka ho hev det slik,
at finn ho ein solstråle, så vert ho rik.
Då stig ho i høgdi og trallar i lit
til sumar på jord, endå snjoen ligg kvit.
„Å hei! å hi! å tiriliti!“

Gud signe deg! du er fuglen min, du!
Gud signe no deg med di glade tru!
Og møter eg kulde og snjo på min veg,
Gud gjev meg i sol-tru å kveda med deg:
„Å hei! å hi! å tiriliti!“

Per Sivle.

83.

Tone av L. M. Lindeman.

Jeg kjører frem gjennom strålefyd
i søndagsstillhet med klokkelyd.
Alt løfter solen, fra mygg til sæden,
som var den selve allkjærligheten.
Og folk forbi meg til kirke kjøre,
snart stiger salmen for åpne døre.
Godt mot! du hilste på fler enn meg,
skjønt du i skyndingen så det ei.

Jeg har det herligste reisefølge,
skjønt det seg stundom mon listig dølge;
men når du så meg så søndagsglad,
var det fordi at vi flere sad,
og når du hørte meg dæmpet synge,
de sat i tonen som i en gyng.

Tross alt det fine i fremmed duft,
helt ren alene er hjemmets luft.
Der møter bare det barnesanne,
og synden kyskes ifra din panne,
Til hjemmet hist står der åpne døre;
ti derfra kom det, — og dit det føre!

Godt mot, du vandrer på kirkevei;
du ber for dine, for mine jeg;
ti bønner bærer et stykke frem
på veien mellom de tvenne hjem.
— I bøyer inn; jeg må vidre kjøre,
mens salmen følger fra åpne døre.
— Godt mot! Du hilste på fler enn meg,
skjønt du i skyndingen så det ei. Bjørnson.

84.

No ser eg atter slike fjell og dalar,
som dei eg i min fyrste ungdom såg,
og same vind den heite panna svalar,
og gullet ligg på snjo, som fyrr det låg.
Der er eit barnemål som til meg talar,

og gjer' meg tankefull, men endå fjåg.
Med ungdomsminne er den tala blanda;
det strøymer på meg, så eg knapt kan anda.

Ja livet strøymer på meg, som det strøymde
når under snjo eg såg det grøne strå.
Eg drøymmer no, som fyrr eg alltid drøymde
når slike fjell eg såg i lufti blå.
Eg gløymer dagsen strid, som før eg gløymde
når eg mot kveld av sol ein glimt fekk sjå.
Eg finner vel eit hus som vil meg hysa,
når soli heim til natti vil meg lysa.

Alt er som før, men det er meir forklåra,
så dagsens ljøs meg synest meire bjart,
og det som beit og skar meg, så det sára,
det gjerer harde fjellet mindre hardt.
Sjølv det som til å synda tidt meg dåra,
det gjerer sjølv skuggen mindre svart.
Forsona koma atter gamle tankar:
det same hjarta er, som eldre bankar.

Og kvar ein stein eg som ein kjenning finner,
for slik var den eg flaug ikring som gut.
Som var det kjempor, spør eg kven som vinner
av den og denne andre håge nut.
Alt minner meg: det minner, og det minner,
til soli bort i snjoen sloknar ut,
og inn i siste svevn meg eingong huggar
dei gamle minni og dei gamle skuggar.

A. O. Vinje.

85.

Det lysned i skogen, da ilede jeg frem,
snart stod jeg hvor bakkestupet skråned.
Jeg så den vide bygd, jeg så mitt kjære hjem,
jeg så hvor de fjerne åser blåned.
Jeg så de brede fjorde der skar sig inn i bukt,
og elven så jeg blinke og krumme sig smukt —
jeg lengtes til de sollyse sletter.

Og dog var det atter som den sukkende li
vilde blidelig holde mig tilbake, —
som om den bak mig hvisket: forlater du min sti,
for ned i folkevrimlen å drage?
Ak, skogen og fjellvannet hadde i mitt sinn
for første gang suset sin vemodstanke inn —
og siden jeg glemmer den vel aldri.

Ti ofte når jeg går i den myldrende by,
i de bonede, skinnende sale,
den samme hvisken lyder så bønlig, så bly
fjernt henne fra min barndoms grønne dale.
Da griper mig en lengsel til skog og til fjell,
jeg hører atter bjelder og lurlok ved kvell
og sus gjennom skjeggede graner.

Jørgen Moe.

86.

Tidt eg minnest ein gamal gard
med store tre og runnar,
vollar, bakkar og berg og skard
og blomster på grøne grunnar.
Der eg hadde meg så godt eit rom:
hus og mark med både bær og blom,
alt eg nøytt som ein eigedom
med både lut og lunnar.

Der var dalar og lier nog
der lur og bjøllor klungo;
der var rustør og fager skog,
der tusund fuglar sungo.
Tett med stova stod ei bjørk så brei
der hadde sjorene sitt gamle reid,
staren song i kvar ein topp som beid,
og erlor i tunet sprungo.

Aasen.

I lyd og lag.

87.

Fager kveldsol smiler over heimen ned,
jord og bimmel kviler stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar frå det bratte fjell.
Høyr kor sterkt det susar i den stille kveld.

Så mitt hjarta stundar i si lengting varm,
til eg eingong blundar i Guds faderarm.

Ved P. Hognestad.

88.

Deilig er jorden, prektig er Guds himmel,
skjønn er sjelenes pilgrimsgang! Gjennom de fagre
riker på jorden går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme, tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang, aldri forstummer
tonen fra himlen i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød: Fred over jorden,
menneske fryd dig! Oss er en evig Frelser født!

Ingemann.

89.

Leid, milde ljøs, igjennom skodde-eim,
lei du meg fram!
Eg gjeng i mørke natt langt frå min heim,
lei du meg fram!
Før du min fot; eg trong ei sjå min veg
så langt og vidt – eit steg er nok åt meg.

Du veit det vel, eg bad ei alltid så:
lei du meg fram!
Eg ville velja sjølv min veg, men no
lei du meg fram!
Eg ville leva vilt, var stolt og stri
og stod imot, – å gløym den dårskaps tid!

Di makt har meussg ig, då veit eg visst
du leier enn
i myr og fjell og hei og så til sist
ein morgon renn,
då til meg smiler engleåsyn blid.
som eg har elska før, men mist ei tid.

J. H. Newman.

90.

Fred hviler over land og by,
ei verden larmer mer;
fro smiler månen til sin sky,
til stjerne stjerne ser.

Det er så stille og så tyst
i himmel og på jord,
vær også stille i mitt bryst,
du flyktning som der bor.

Slutt fred, o hjerte, med hver sjel
som her deg ei forstår!
Se, over by og dal i kveld
nu fredens engel går.

O lær av ham din aftensang:
fred med hver sjel på jord!
Til samme himmel går vår gang,
adskilles enn vårt spor.

Fred med hvert hjerte fjern og nær
som uten ro mon slå!
Fred med de få som meg har kjær,
og dem jeg aldri så!

Ingemann.

91.

Det stig av hav eit alveland med tind og mo.
Det kviler klårt mot himmelrand i kveldblå ro.

Eg såg det tidt som sveipt i eim bak havdis grå ;
det er ein huld, ein heilag heim me ei kan nå.

Ho søv, den fine tinderad, i draume-bann ;
men så ei stund ved soleglad ho kjem i brann.

Når dagen sig som eld og blod i blåe-myr,
det logar opp med glim og glo og eventyr.

Det brenn i bre og skjelv og skin med gylne-bragd,
og lufti grør i glans av vin, sylv og smaragd.

Men av han døyr, den bleike brand som slokna glo,
og klårt som før ligg alveland i kveldblå ro.

Eg lengta tidt på trøytt veg der ut til fred ;
men landet fyrst kan syna seg når sol gjeng ned.

Garborg.

92.

Når engang i fjerne tider med vemodig lyst
åndens blik tilbake glider mot vår ungdoms kyst,
da vil minnet om vårt møte med en ungdoms venn
smile som en morgenrøde over livet hen.

Mildt, som aftenklokker ringer i den tause kveld,
gjenlyd gjennom sjelen klinger selv av hvert farvel.
Møtets fryd som savnets smerte smelter stille hen
i det håp i kristnes hjerte : snart vi ses igjen.

Ja, det lyder lydt her inne med en lillig klang :
Kristi venner ingensinne sees siste gang !
I den store morgenrøde samles venn med venn ;
i det store vennemøte skal vi ses igjen.

Arvesen.

93.

Det dagast i Noreg med sol på tind
og glitrar av gull i sky.
I dalane leikar ein morgonvind
og kviskrar om tidi ny.

Og ungdomen vaknar so frisk i hug,
mot høgdi han set sin kos
han adlar sin vilje i arbeidsdug,
som nørest i livsens ljøs.

Til arbeid han gjeng som det var til fest
med bøn for sin fagre heim,
og alt utav trollslekt seg baud til gjest,
det kverv som ein kulde-eim.

Snart kjem det ein solfest med song og slått,
skal spørjast så vide ut :
Då jagar me trolli med sigerslått
og brising på høge nut.

Jens Tvedt.

94.

Kjærlichkeit fra Gud springer like ut
som en kilde klar og ren :
i dens stille bund, i dens dype grunn
gjemmes livets ædelsten.

Kjærlichkeit fra Gud som en yndig brud !
kommer smykket til oss ned.
Lukk kun opp din favn, kom i Jesu navn !
Himlen bringer den jo med !

Kjærlichkeit fra Gud er det store bud,
er det eneste jeg vet.
Bli i kjærlichkeit, og du har Guds fred,
ti Gud selv er kjærlichkeit.

I. Schorring.

95.

Jeg så ham som barn med det solrike øye
i regnbuens glans på de hjemlige høye;
han kysset min kind, og vi lekte med stjerne,
mens korset stod skjult mellom løv i det fjerne.

Jeg så ham som yngling i livskraftens morgen,
da ånden fløy høyt imot herlighets-borgen;
han vinket min sjel, og jeg glemte det lave,
hans ild kastet glans på forkrenkelsens grave.

Jeg så ham som mann i den modnere sommer.
da synderen skalv for den hellige dommer,
da hjertet slo tungt, og min isse var senket,
og dødstanken strengt hadde livsmotet lenket.

Først da fikk jeg kjende hans salige nåde,
først da løftes korsets, forargelsens gåte;
først da lærte hjertet at favne den byrde
som han har mig rakt, den forbarmende hyrde.

Og engang jeg ser ham, når lyset nedbrenner;
da rekke jeg mot ham de segnende hender:
når hjertet står stille, og øyet vil briste,
da hilser jeg ham med et smil, med det siste.

Vilh. Birkedal.

96.

Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara alt til min døyd' dag!
Det er mi høgste æra, det er mi største ros
hans fyljesvein å vera og vandra i hans ljøs.

Min Jesus, sannings stjerna! lys opp min myrke veg!
mitt hjarta vil så gjerna få fylgja etter deg!
Du lyser enn i verdi som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljøs på ferdi, til heim med deg eg kjem!

Blix.

97.

Milde Gud og folkefader,
sign vårt folk og fedreland!
Lat den sol som aldri glader,
kveikja liv frå støl til strand!
Giv oss heilag hug i barmen,
legg oss herdig kraft i armen,
så vår dyre fedrejord
bløma må i våre spor.

Høgt frå kyrkjehaug lat stråla
sannings sol i all sin glans!
Kveik kvar lærar til å måla
liv med liv for barnesans!
Lær dei små den glade lydnad,
klæd vår ungdom i din prydnad.
Styrk oss mildt i manndoms år,
kryn med fred dei gråe hår!

Vig vårt Noreg til ditt tempel,
våre fjell til tind og tårn!
Set på folket vårt din stempel,
gjer oss heilt til dine born,
som alt her med tru og tryggja
i ditt samfund bu og byggja
broderleg frå fjell til strand!
Lys din fred om Noregs land

Skard.

98.

Der går et stille tog igjennem kampens bulder
med bønn på alle sprog; det bøyer mot den faldne ned
med korset på sin skulder, med bud fra hjem og fred.

Det finnes der ei kun hvor kampens vunde bløder,
men på all verdens rund. Det er all verdens kjærlighet
av edle, gode hjerter som stille kneler ned.

Det er arbeidets sky for krigens mord og herjing,
der bér om fred og ly; det er hver lidende på jord
som kjenner nød og kummer, der sukker for sin bror.

Det er hvert smertestønn av sårede og syke,
det er den kristnes bønn; det er forladtes bleke råk,
det er den krenktes klage, den dreptes siste håp. —

En bønnens regnbubro opp gjennom verdens uveir
i skin av Kristi tro: at over lidenskapens nød
må kjærlighet få seire; ti så hans løfte lød.

Bjørnson.

99.

Tydebæret oppå tuva
voks utav ei liti von.
Skogen med si grønne huva
fostrar mang ein raudleitt son.

Ein gong seint om hausten lagde
liten svein til bær-skogs ut:
„Raudt eg lyser,“ bæret sagde,
„kom åt meg, du vesle gut!“

Her ifrå du må meg taka,
moge bær er utan ro.
Mal meg sundt, at du kan smaka
svaldrykken av mitt blod!

Mognar du, so vil du beda
just den same bøn som eg.
Mogen mann det mest må gleda
bort for folk å gjeva seg.“

Vinje.

100.

Mitt hjarta, tru med tryggje
på ordet av Guds munn!
På dette berg du byggje:
det er så god ein grunn:
om jord og himlar falla,
Guds ord då aldri fell.
I tru på honom kalla,
så stend du som på fjell!

Blix.

101.

Enno ein gong fekk eg vetren å sjå for våren å røma;
heggen og tre som der blomar er på eg atter såg bløma.

Enno ein gong fekk eg isen å sjå frå landet å fljota,
snjoen å bråna, og fossen i å fyssa og brjota.

Graset det grønne eg enno ein gong fekk skoda med blomar.
Enno eg hørde at vårfuglen song mot sol og mot sumar.

Enno ein gong den velsigna eg fekk at gauken eg hørde;
enno ein gong ut på åkren eg gjekk der plogen dei kørde.

Såiddren endå meg undtes å sjå på vårbakken dansa,
fivrelld å flaksa og fjuka ifrå, der blomar seg kransa.

Alt dette livet eg atter fekk sjå om hausten me miste;
men eg er tungsam og spyrja meg må: tru det er det siste?

Lat det so vera! Eg mykje av vent i livet fekk njota.
meire eg fekk, enn eg hadde fortent, og allting må trjota.

Ein gong eg sjølv i den vårlege eim som metter mitt auga,
ein gong eg der vil meg finna ein heim og symjande lauga.

Alt det som våren imøte meg bar, og blomen eg plukka,
federnes ånder eg trudde det var som dansa og sukka.

Difor eg fann millom bjørker og bar i våren ei gåta;
difor det ljod i den fløyta eg skar meg tyktest å gråta.

Vinje.

102.

Vingede skarer flyr de sorte skove.
Under dem farer storm på villest vove;
over dem blinker stjernen mildt og vinker
toget til palmenes ly.

Akk, om jeg kunne følge fuglens baner,
ville jeg blunde dog blant mørke graner.
Hist i det fjerne smiler ingen stjerne
så søtt som drømmene her.

Her hvor min glede klang fra alle dale,
her hvor min spede blomst er lagt i dvale,
her vil jeg sprede om min dunkle rede
vingen, og vente min blund. Welhaven.

103.

En ungbirk stander ved fjorden og vannspeilet
ganske nær.
Hvor stor og smuk den er vorden de år jeg har boet her!
Nu løfter den hvite stamme kronen fra bredden lav;
men tro dog ei den vil bramme, den vet ikke selv derav.

I Guds og hvermanns øyne den vokser fra dag til dag.
og kvistene, som sig høyne, nu byder hver sangfugl tak.
Men birken undres derover, den kjenner slett ingen rang.
Den bøyer mot vandets vover så ydmyg bladenes hang.

Just dette kan den forlene skjønnhet for andre trær,
og lokker hen i dens grene all himlens vingede hær.
Just det, at den ikke tenker at løfte sin krone opp,
men stille kvistene senker, gjør skyggende lun dens topp.

Hva kommer det av? — Den skuer seg daglig i
bølgens speil
ved siden av kratt og tuer, og — skuer så deilig feil!
Ti alt som mot lysets riker den her sin krones stav,
den synes den nedad stiger og vokser seg mere lav.

Du deilige birk, du kjære! på dig vil jeg ofte se.
Gud give jeg måtte lære hvad du mig så smukt kan te:
å vokse i eget øye nedad med hver en dag;
å korne og å opphøye, det bliver da Herrens sak.

Jørgen Moe.

Frendefolket.

104.

Tone: Svensk folketone.

Du gamla, du fria, du fjälhöga Nord,
du tysta, du glädjrika sköna!
Jag hälsar dig, vänaste land uppå jord,
din sol, din himmel, dina ängder gröna.

Du tronar på minnen från fornstora dar,
då ärat ditt namn flög över jorden.
Jag vet at du är och du blir vad du var.
Ack jag vil leva, jag vil dö i Norden.

Rikard Dybeck. (Sveriges nasjonalsong.)

105.

Der er et yndigt land,
det står med brede bøge
nær salten østerstrand;
det bugter sig i bakke, dal,
det heder gamle Danmark
Og det er Frejas sal.

Der sad i fordums tid
de harnisk-klædte kæmper,
udhvilede fra strid;
saa drog de frem til fjenders mén
Nu hvile deres bene
bag højens bautasten.

Det land endnu er skjønt;
thi blå sig søen belter,
og løvet står saa grønt;
og ældle kvinder, skønne møer
og mænd og raske svende
bebo de danske søer. Adam Øhlensohläger.

106.

Vårt land, vårt land, vårt fosterland!
 ljud högt, o dyra ord!
 Ej lyfts en höjd mot himlens rand,
 ej sänks en dal, ej sköljs en strand
 mer älskad än vår bygd i nord,
 är våra fäders jord.

Vårt land är fattigt, skall så bli
 för den som gull begär;
 en främling far oss stolt förbi,
 men detta landet älska vi;
 för oss, med moar, fjäll och skär
 ett gull-land dock det är.

Vi älska våre strömmars brus,
 och våra bäckars språng,
 den mörka skogens dystra sus,
 vår stjärnenatt, vårt sommarljus,
 allt, allt vad här som syn, som sång
 vårt hjärta rört en gång.

O land, du tusen sjöars land,
 där sång och trohet byggt,
 där livets hav oss gett en strand,
 vår forntids land, vår framtids land,
 var för din fattigdom ej skyggt,
 var fritt, var gladt, var tryggt!

Din blomning, slutan än i knopp,
 skall mogna ur sitt tvång!
 Se, ur vår kärlek skall gå opp
 ditt ljus, din glans, din fröjd, ditt hopp,
 och högre klinga skall en gång
 vår fosterländska sång.

J. L. Runeberg. (Finlands nasjonalsong.)

INNHALD:

At far min	55	Jeg så ham	95
Blandt alle lande	4	Jeg vil verge	8
Brøyte seg rydning	43	Kjærlighet fra Gud	94
Dagen var fager	28	Kom Jesus inn	41
Dei gamle fjell	11	Kunnskap skal	58
Deilig er jorden	88	Leid milde ljøs	89
Dei vil alltid	57	Løft ditt hode	48
Den fyrste song	24	Markje grønast	51
Det er et yndig land	105	Me bryt og me	65
Der går et stille tog	98	Me heisar vårt flagg	36
Der ligger et land	6	Me kastar	63
Det er min sjel	81	Med Jesus vil eg fara	96
Det dagast i Noreg	93	Milde Gud	97
Det folk som frægt	25	Millom bakkar	34
Det kors i flaggets	35	Min gode fagre	32
Det lysned i skogen	85	Mitt hjarta tru	100
Det stig av hav	91	No livnar det	67
Det største i verden	61	Norge, mitt Norge	14
Du gamla, du fria	104	Norge, Norge	12
Du gamle mor	47	No ser eg atter	84
Du land som lyfter	5	Når du vil på	69
Eder hvis navne	29	Når engang	92
Ei med stora later	33	Når fjordene blåner	17
Eg ser dette landet	9	Når som Noreg	74
Eg traskar i skog	60	Når våren ånder	68
Enno ein gong	101	Og vesle lerka	82
En ungbirk stander	103	Om gleda allstad	30
Fader vi takker deg	25	På det jevne	45
Fager kveldsol	87	Se Norges blomsterdal	79
Fager er landet	76	Sjå dagen sprett	19
Flaumen går	80	Sjå no er det dag	49
Fred hviler over	90	Stol kun på ditt	37
Gud signe Noregs	3	Syng kun i din	31
Gud signe vårt dyre	1	Såg du mitt land	13
Gud sign vårt folk	62	Så lang er no vinteren	64
Gud sign vår konge	18	Så synger vi	75
Guds fred over	27	Tidt eg minnest	86
Guds ord det er	22	Til fjellet	77
Handi hans far	46	Tytebæret	99
Held deg, Norge	15	Underlegger eder	59
Hår är gudagott	78	Unge Norge	56
Her er det land	7	Vakna, vakna	42
Herre, ta i din	23	Vi er en liten	73
Her spirer	50	Vi legg inn nyland	66
Hu hei	72	Vingede skarer	102
Hvor i verden	10	Vi reiser det som	54
Høyr kor kyrkjeklokka	38	Vi vandrer	71
I heimen der	39	Vi vil oss et land	53
I Østen stiger	20	Vårt land, vårt land	106
Ja, alle saman	52	Å eg veit meg eit land	16
Ja vi elsker	2	Å Gud velsigne kvar	26
Jeg har båret	40	Å leva, det er å elska	44
Jeg kjører frem	33	Å, nei for himmel	70